

# TIL TILSETTE I BARNEHAGEN

## Praksiskandidat

**Jobbar du i barnehage utan å ha fagbrev? Då kan praksiskandidatordninga vere noko for deg. Du finn informasjon om tilbod som startar opp hausten 2014 ved å gå inn på heimesida til Fylkeskommunen. Den er vedlagt som lenke nedst i denne skrivet.**

**Tilsette i barnehage i barnehageåret 2014/15, kan søkje om tilskot frå Fylkesmannen for å dekke kostnader både med å melde seg opp og til å ta fagprøve. Søknaden må vere tilrådd av arbeidsgjevaren og vere Fylkesmannen i hende innan 30.september 2014.**

---

Dersom du har jobba i fleire år innan relevant fagområde for barne- og ungdomsarbeidar er det mogleg å oppnå fagbrev utan å vere lærling. Opplæringslova § 3-5 gjev deg muligheit til å melde deg opp som praksiskandidat.

**Krava til å få godkjent ei slik oppmelding kan kort summerast slik:**

- **Dokumentert allsidig praksis som er 25 % lengre enn læretida i faget**
- **Godkjent teori i faget du melder deg opp i, vanlegvis ein eksamen for programfag / yrkesfag VG3**

Kostnader med fagprøve for praksiskandidatar er todelt:

- Det kostar 826 kr å melde seg opp, dette dekkjer saksbehandling og bruk av sensor/prøvenemnd
- Som praksiskandidat må du sjølv dekkje eventuelle kostnader ved ein fag-/sveineprøve

For fag med 4 års læretid, normalt 2 år i skule og 2 år i bedrift, vil dette bety at du må kunne dokumentere 5 års praksis i 100 % stilling. Det må kome fram av denne dokumentasjonen/attestar at praksisen din dekkjer hovudområda i læreplanen for barne- og ungdomsarbeiderfaget. Du finn orientering i lenke nedst på brevet.

Praksiskandidatar som vil melde seg opp til fagprøva etter opplæringslova § 3-5, men ikkje er folkeregistrert i Hordaland Fylke, må melde seg opp i sitt heimfylke. Dette gjeld sjølv om bedrifta er heimehørande i Hordaland Fylke.

For praksiskandidatar som er utanlandske statsborgarar og er tilset i ein bedrift som er heimehørande i Hordaland Fylke må bedrifta stille med ein garanti, per d.d på NOK 12 000,- for å dekkje Hordaland Fylkeskommune sine kostnader i samband med fagprøva. Her må praksiskandidaten/bedrifta sende inn ein bankgaranti på NOK 12 000,- saman med oppmeldinga til den praktiske delen av fagprøva. Vi gjer samstundes merksam på at kandidaten må stetta alle krava til teori og praksis etter opplæringslova.

### **Aktuell informasjon for praksiskandidatar**

- [Tilbod om kurs hausten 2014](#)
- [Rettleiing for praksiskandidatar](#)
- [Oppmeldingsskjema](#)
- [Faktura for oppmelding](#)
- [Faktura for oppmelding - 2. gangs prøve](#)
- [Forslag til arbeidsattest](#)
- [Andre nyttige linker og dokumenter](#)
- [Påmelding til privatisteksamen](#)

### **Eksterne lenker**

- [Opplæringslova § 3-5](#)
- [Forskrift til opplæringslova § 3-55](#)
- [Læreplan for barne- og ungdomsarbeider](#)
- [Tidlegare teoriexamensoppgåver - programfag yrkesfag](#)